



Stadige stadnamn

Kvar kjem du frå? Kvar skal du i ferien? Kvar bur du? Slike spørsmål får vi rett som det er, og svaret vårt er som oftest eit stadnamn. Sant å seia smyg stadnamna seg med i nesten alt vi gjer, men kva er eit stadnamn eigentleg?

Vi kjem ikkje særleg langt med berre *her* og *der*, *hit* og *dit*. Stadnamna identifiserer eller peikar ut ein viss stad, og slik skaper dei orden og gjer verda vår meir oversynleg.

Stadnamnet skjemmer ingen?

Folk flest – ikkje berre namnegranskurar og ihuga lokalhistorikarar – har stor glede og mykje moro av stadnamn. Namna er stadig omtala i aviser, fjernsyn og på nettet, og ein svært omtykt sjanger er opplisting av særmerkte og fantasieggjande namn. Det seier seg vel sjølv at godbitar som *Dirthol*, *Fittsprettmyra*, *Griserompa* og *Tissvassklumptjønnin* ofte kjem høgt opp på lista?

Eldgamle slitarar

Stadnamn flest er mildt sagt spreke for alderen. Svært mange av namna vi brukar i dag, er så gamle at det er plent uråd å slå endeleg fast kor gamle dei er. Vi kan seia med visse at tusenvis av stadnamna våre har vore i samanhengande bruk i godt og vel tusen år, dei eldste kan jamvel vera frå tida kring Kristi fødsel eller endå før. Forma på dei gamle namna har som regel endra seg noko fram gjennom soga, men endå held dei seg godt og er ofte lett å kjenna att (t.d. gamalnorsk *Lautin* → *Løten*). Dessutan er det med stadnamn som med andre ord: Di meir vi nyttar dei, di meir slitesterke vert dei. Alder er såleis inga hindring; namna lever trygt så lenge dei er i bruk.

Vel å merka har vi òg mange unge stadnamn, for nye namn dukkar fram når gamle fell frå. Somme namn er jamvel flunkande nye, til dømes arbeider kommunane no med å gjeva vegadresse til alle bustader. Namngjevinga i dag skil seg like fullt frå namngjevinga i eldre tid. Då gjekk det nok slik til at namna vokser fram og fastna ettersom folk kom til og tok i bruk nye og namnlause område, medan stadnamna i dag ofte vert fastsett gjennom vedtak – og ofte byggjer på eksisterande stadnamn (t.d. *Bærumsveien* av *Bærum*, gno. *Berg(h)heimr* ‘bergheim’).



Foto: Marta Kari Schawlaann

Namn i tale og skrift

Å skriva eit stadnamn er ikkje så endeframt som vi kanskje skulle tru. Størsteparten av stadnamna våre har vore – og er – fyrist og fremst nytta i taletalemålet i eit lokalsamfunn. Vi kan difor seia at det er den lokale, nedervde taletalemålsforma som er sjølve stadnamnet. Mange av namna har ikkje hatt ei skriftleg form før no i nyare tid, og om dei har hatt det, har skrivemåten i liten grad verka inn på uttalen. Godt er det, for mange namn har før hatt forvrengde skrivemåtar, særleg på 1600- og 1700-talet, som *Bierchelij* (Bjørklia), *Fanderumb* (Fannrem) og *Kaxuigenn* (Koksvika).

Normering av stadnamn

I dag vert stadnamna stadig meir nytta i skrift, til dømes i adresser og på vegskilt, i aviser og i offentlege dokument, på kart og i vêrmeldinga. Men korleis skal vi skriva namna?

Her gjeld det å halda tunga beint i munnen: Dei som fastset skrivemåten av stadnamn – Statens kartverk, fylkeskommunar og kommunar (jf. lov

til side 2 ➔

Gratis kurs for statsorgan

Språkrådet lyser ut ti nynorskkurs. Kurset er gratis og går over to dager. Alle statsorgan som er underlagt målloven, kan søke om kurs. Nynorskkurset blir tilrettelagt for hvert enkelt statsorgan og tar for seg både grammatikk og språkføring. Alle deltakerne får individuell tilbakemelding.

På Språkrådets nettsider finner dere søkerkjema og mer informasjon om kurset. Dere kan også kontakte Språkrådet på stat@sprakradet.no. Søknadsfristen er 1. februar 2013.

Språkrådet


www.sprakradet.no / www.sprakradet.no

- Aktuelt
- Ordbøker
- Råd om språk
- Fakta om norsk
- Lov og rett
- Andre språksider

OPPSLAGSTAVLA

Statsansatte mener de skriver godt nok

3366 statsansatte har deltatt i undersøkelsen «Språkarbeid i staten 2012», som Ipsos MMI har gjort på oppdrag fra Språkrådet i høst. Nesten alle som har svart, mener at det er viktig å forbedre språket i statlige tekster. Samtidig mener ni av ti at de selv skriver godt. Undersøkelsen viser også at statsansatte i liten grad kjenner til de språklige kravene som stilles i statlige styringsdokumenter. Og bare en tredel av de spurte mener at de har tilstrekkelig kompetanse i begge målformer. Mer informasjon om undersøkelsen finnes på Språkrådets nettsted.



Nye bøker

Om klarspråksarbeid og klarspråksforskning i Sverige

Myndigheterna har ordet beskriver hvordan svenske myndigheter arbeider med språkforbedring, og hvordan klarspråksrådene fungerer. Forfatterne sammenligner det offentliges tekster i dag med tekstene for ti år siden, og de diskuterer dagens og framtidas klarspråksarbeid og klarspråksforskning. Tematikken kan enkelt overføres til norske forhold. Boka er utgitt av Språkrådet i Sverige og kan bestilles på www.norsteds.se.

Penger å spare

Den amerikanske jussprofessoren Joe Kimble har samlet 50 undersøkelser som viser de økonomiske gevinstene ved klarspråk i boka *Writing for Dollars, Writing to Please: The Case for Plain Language in Business, Government and Law* (Carolina Academic Press, USA). Boka presenterer også 40 eksempler på klarspråksarbeid fra utvalgte land, blant dem det norske klarspråksarbeidet og prosjektet «Klart språk i staten».

→ Stadige stadnamn ... frå side 1

om stadnamn § 5) – må ta omsyn til både skrifttradisjon, rettskrivningsreglar, etymologi og lokal uttale. Det er ynskeleg å finna ein skrivemåte som ligg såpass nær taalemålsforma at dei lokale brukarane kjenner att namnet, men skrivemåten bør òg vera slik at dei som ikkje er heilt støe i målføret, skjørnar namnet. Ettersom stadnamna som oftast er samansette av vanlege ord, bør skrivemåten av stadnamn som hovudregel fylgja gjeldande rettskrivningsprinsipp. Dersom ein viss skrivemåte av namnet står sterkt i skrifttradisjonen, må det òg telja med. Men kvifor er skrivemåten av stadnamn så viktig?

Lov om stadnamn

Stadnamna er ikkje berre adresser i vid tyding, dei er jamvel ryggsterke kulturerarar. Dei fortel om kulturelle skikkjar (t.d. *Ullensaker* av gudenamnet *Ullinn*) og arbeidsliv (t.d. *Linåkeren*, *Kremmargarden*) i eldre tid, og dei gjev oss innsyn i det gamle mangfaldet av presise nemningar for ulike naturtilhøve. Difor har vi lov om stadnamn. I § 1 les vi at «[f]ormålet med

denne lova er å ta vare på stadnamn som kulturminne, gi dei ei skriftform som er praktisk og tenleg, og medverke til kjennskap til og aktiv bruk av namna». I stadnamnlova finn vi mellom anna reglar for skrivemåten av stadnamn og føresegner om saksgangen i namnesaker.

Stadnamn som slektsnamn

Mange stadnamn, først og fremst gards- og bruksnamn, er tekne i bruk som slektsnamn. Skrivemåten av slektsnamnet (t.d. *Vigh*, *Odegaard*) er ofte noko ulik skrivemåten av stadnamnet (*Vik*, *Øydegard*), fordi slektsnamnet i mange tilfelle har utspringet sitt i gamle skrivemåtar frå 16-1800-talet. Jamvel om slektsnamnet og stadnamnet kan sjå nesten like eller heilt like ut, er det ein viktig skilnad mellom dei: Slektsnamnet er knytt til den einskilde personen og kjem inn under personvernet, medan stadnamnet vanlegvis er overlevert i ein ubrotten munnleg tradisjon og er rekna som felles-eige. Normering av stadnamn er difor ei offentleg oppgåve. Ettersom stadnamnet som

oftast er eldre enn slektsnamnet, er hovudregelen at vi ikkje tek omsyn til skrivemåten av slektsnamnet når vi fastset skrivemåten av stadnamnet.

Lekam og landskap

Svært mange stadnamn skildrar terrenget og fungerer nesten som kart. Namna kan fortelja om landskapet er bratt eller flatt, blautt eller turt, tettvakse eller bert. Dessutan viser ein stor del av desse skildrande namna at forfedrane våre var skarpsynte og gode til å sjå likskapar mellom terrenget og kroppen: I stadnamna finn vi ofte ord som *nakken*, *skolten*, *aksla*, *ryggen* – alle kroppsdelar er representerte. Dei populære «kroppsfunksjonsnamna» er òg råkande skildringar, til dømes er *Migarberget* eit vanleg namn på berg som det sildrar vatn ut av.

Kristin Fridtun, tidlegare sekretær i stadnamntenesta for Midt-Noreg


Språkåret 2013

Språkåret skal gjennom arrangement i heile landet gje språkmangfaldet i Noreg eit løft, vere ein handfast reiskap for å følgje opp språkmeldinga *Mål og meinung* og byggje opp nye møteplassar for ulike grupper av språkbrukarar. Utgangspunktet for Språkåret 2013 er 200-årsjubileet for Ivar Aasen og 100-årsjubileet for Det Norske Teatret.



Eit lite innføringskurs i mållova – del 8:

Papirbrevet er snart historie – den statlege kvardagen er blitt elektronisk. Då er det viktig å hугse på at begge målformene skal følgje med i utviklinga, for måljamstilling gjeld ikkje berre papir. Når dei gamle papirskjemaa blir lagde inn i elektroniske portalar, skal såleis både nynorsk- og bokmålsversjonen kome med samtidig. Det same gjeld brevmalar og annan publikumsretta tekst. Er du i tvil om det elektroniske dokumentet du sit med, skal vere på både bokmål og nynorsk? Svaret er enkelt: Dersom det fell inn under mållova i papirutgåve, så skal det det.



Lov og rett om stedsnavn

Hvem bestemmer hvordan stedsnavn skal skrives?

I de fleste tilfeller er det kommunene eller Kartverket som bestemmer skrivemåten av stedsnavn. Kommunene gjør vedtak om skrivemåten av navn på veier, gater, torg, tettsteder og bydeler m.m. Skrivemåten av navn på fylkeskommunale anlegg vedtas av fylkeskommunen. Kartverket vedtar skrivemåten av andre stedsnavn, for eksempel gårds- og bruksnavn og naturnavn (navn på fjell, hauger, daler, elver og innsjøer m.m.).

Hva er Språkrådets rolle når skrivemåter skal fastsettes?

Språkrådet har en egen stedsnavntjeneste med rådgivende funksjon i stedsnavnsaker. Stedsnavntjenesten er delt inn i fire områder: Nord-Norge, Midt-Norge, Vestlandet og Østlandet med Agderfylkene. Dessuten er det en egen avdeling for kvenske navn i Nord-Norge. Det finnes også en samisk stedsnavntjeneste, men den ligger under Sametinget og er ikke tilknyttet Språkrådet. Når skrivemåten av et stedsnavn skal fastsettes, skal saken innom stedsnavntjenesten for uttalelse. Dette gjelder uansett om det er kommunen, fylkeskommunen eller Kartverket som skal gjøre vedtaket.

Har «mannen i gata» noe å si når det gjelder skrivemåten av stedsnavn?

Eier eller fester av et bruk har uttalerett når det gjelder skrivemåten av eget bruksnavn, og lokale organisasjoner har uttalerett i saker som gjelder stedsnavn. Organisasjonen har en særlig tilknytning til. For eksempel kan lokale historielag, mållag eller beboerforeninger ha uttalerett i saker som gjelder lokale stedsnavn.

Hvem har plikt til å bruke vedtatte skrivemåter?

Når skrivemåten av et stedsnavn er vedtatt etter reglene i stedsnavnloven, skal denne skrivemåten brukes av statlige, fylkeskommunale og kommunale virksomheter. Vedtatte skrivemåter skal også brukes av selskaper som det offentlige eier fullt ut, og i læremidler som skal brukes i skolen.

Hvordan behandles stedsnavn i flerspråklige områder?

Noen steder i landet har navn på flere forskjellige språk. Forskriftene til stedsnavnloven slår fast at dersom et navneobjekt har et samisk eller et kvensk navn (eller begge deler) i tillegg til et norskspråklig navn, skal begge eller alle navnene brukes så sant de er i bruk på stedet.

**Hjemmeluft
Jiemmaluovta
Jiemulahti**

Ny brosjyre: Navnsetting av gater og veier

Brosjyren gir en innføring i navnsetting av gater og veier (adressenavn). Den tar for seg de viktigste prinsippene for navngiving, hvilke regler som gjelder for skrivemåten, og prosedyren kommunen må følge når skrivemåten av adressenavn skal fastsettes. Brosjyren finnes på begge målformer og kan bestilles fra Språkrådet eller lastes ned fra Språkrådets nettsider.





NORGE/NOREG



SPRÅKTIPS



SPRÅKEGGET

Bidrag til denne spalten er verpet i stat og presse. Dagens eksempel er hørt på NRK:

Dette må vi ikke se gjennom øynene med.

Enig, for øynene er gitt oss kun til gjennomsyn!

Ordkleukking

Den gilde konferansemappa som vert forsømd og med tida mindre inspirerande, er ein gammal kjenning. *Jippo-mappa*, seier dei hjå Fylkesmannen i Nordland. Frå Statsarkivet i Trondheim hører vi om *memento moro-mappa* (alias *mimremappe* og *konferansefossil*). Her heiter kjensla av slokna konfersansegloð *gnistalgi*. Frå Trøndelag noterer vi òg *gløymebunke*. I Kulturdepartementet melder dei om *konferansebakrus*. Frå ei (truleg) nordleg kjelde kjem målende adjektiv for det å vera råka av *mappegensynsvemod*: Ein er *mappematt* eller *mappeslapp*!

Så til noko meir akutt frustrerande: Kva kan vi kalle pennen som streikar når det høver minst, t.d. midt i eit viktig møte?

Skriv til stat@sprakradet.no.

Julepølse

Her er førstehjelp til deg som skal skrive takk-for-maten-tale til julebordet og leitar etter eit ord som rimar på «pølse».

Det finst ikkje noko ord som som rimar på «pølse», og som i tillegg er nokolunde kjent i bokmål eller nynorsk. Ein må ty til dialektvarianter eller meir sjeldne ord for å finne rimord: «Mølse» er ein dialektuttale av «mylse», ein tradisjonell norsk ost. Skrivemåten i nynorsk er «myls[k]e», i bokmål «mølske».

«Å kjølse» er eit ord som er kjent mellom anna i Trøndelag. Det tyder 'å kulse'.

Men så spørst det kor populær du blir om du seier du får frysningar av julepølsa.

MÅLTROSTEN

Ein trygg regel

Noko av det mange oppfattar som typisk for nynorsk, er bokstaven *a*, som i bøyingsendin gar ofte dukkar opp der bokmål har *e*. Men i nynorsk har vi òg ei gruppe svake verb som får endinga *-er* i presens, såkalla *e-verb* eller *døm(m)a-klassen*. I nynorsk *døm(m)er* og *lyser* vi, akkurat som på bokmål. Men det er ikkje fritt for at **døm(m)ar* og **lysar* stundom dukkar opp i statleg prosa.

Det finst ein sikker regel for å finna ut om du har med eit slikt *e-verb* å gjera, nemleg å sjå på preteritumsforma. Har verbet endinga *-a* i preteritum, har det òg endinga *-ar* i presens. I går *kasta* og *sykla* vi, og av det følgjer det at vi *kastar* og *syklar* i dag. Og dersom verbet har endinga *-de* eller *-te* i preteritum, følgjer det automatisk at det har endinga *-er* i presens. I går *dømde/-te* og *lyste* vi, altså *døm(m)er* og *lyser* vi i dag. Mange kan «teste» dette med talemålet sitt, og dei fleste har nok ei språkkjensle som seier at det ikkje heiter **døm(m)a* eller **lysa* i preteritum.

BOKFINKEN

Selvfølge og selvfølgelighet

Selvfølge og selvfølgelighet er beslektede ord som har litt forskjellig bruksområde.

En *selvfølge* er noe som er helt naturlig, noe selvsagt, noe som ikke behøver nærmere forklaring eller begrunnelse:

*Det er en selvfølge at barna hjelper til i huset.
Dette tar jeg som en selvfølge.*

En selvfølgelighet er

- noe som faller av seg selv:

Hun utførte den vanskelige oppgaven med største selvfølgelighet.

- en selvfølgelig ytring, noe alle vet, en banal påstand:

Artikkelen var full av selvfølgeligheter.

I noen publikasjoner er det en selvfølge at selvfølgeligheter havner på forsiden.

DIKTET

Nei, sjaa snøen!

Han ligg kvit og fin paa heile böen.

Nuten fekk so blank ein silkehatt,

vèvd i skyi, fint paa kruna satt,

med dusov i natt,

med dusov.

Nei, sjaa snøen du,

kor han ligg paa kvar ein stein og stu!

Løynleg kom han som paa kattafot,

skilte med sitt dun kvar rubb og rot,

med dusov i natt,

med dusov.

Johan Einar Unger

STATSSPRÅK

Bladet for godt språk i staten

Adresse:

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO

Redaktør:

Torunn Reksten, stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:

bestilling@sprakradet.no

Utforming:

Marit Heggenhougen | cmykdesign.no

Trykk: Zoom Grafisk

Opplag:

17 500
Redaksjonen avslutta 20.11.2012

ISSN 0805-164X